



Byggmester Bjarte Monstad
Lurevegen 850
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6512 - 14/21389

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

19.09.2014

Førebels svar Trong for tilleggsinformasjon - gbnr 155/10 Monstad (Vollom) - riving av eksisterande bygg og oppattbygging av ny bustad

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.09.2014.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det vises til byggblankett 5175. Det er registrert avvik med omsyn til «beregnet maks. byggeareal iht. plan» og «grad av utnytting iht. gjeldende plan». Det er også registrert avvik med omsyn til skildra parkeringsareal på terreng.
2. Situasjonsplanen viser ikkje tallet på biloppstillingsplasser.
3. Skykkja og baldakinen er i konflikt med kommunens hovudprinsipp for bygnings- og utemiljø då desse ikkje har same vinkel som hovudtakvinkelen. Uavhengig av dette, finn vi at skildra løysing med baldakin, og skykkje som går utover fasadelivet som uheldig og ber at prosjektet vert bearbeidd. Dersom de holder fast ved innsendt løysing vert det sannsynleg at administrasjonen vil kome med eit negativt vedtak da tiltaket manglar visuelle kvalitetar.
4. Terrengsnitt 1 og 5 viser en relativ høg fylling (5 meter), og er eit eksempel på at terrenget blir tilpassa bygget/ynskja bruk og ikkje omvendt. Vi ber dykk vurdere ny plassering av bustaden då omsøkte plassering medfører eit uheldig terrengingrep, ev. endra bustadtype.
5. Fyllingen er ikkje vist på situasjonsplanen.
6. Føretaket Bjarte Monstad er sentralt godkjent for prosjektering av konstruksjonssikkerhet i tiltaksklasse 1. Føretakets ansvarområde som skildra i søknaden om ansvarsrett er ikke helt dekt av den sentrale godkjenninga.
7. Føretaket A.Kalland maskin har krysset for at føretaket som «Ansvarlig kontrollerende» erklærer uavhengighet. Dette må bero på ein misforståelse. Føretaket har ikke forpliktet seg til å stille med naudsynt kompetanse i tiltaket.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



8. Det går ikkje fram av søknaden om eksisterande uthus også skal rives (byggningsnummeret på bygningene er ikkje påført søknaden).
9. Søknaden om utslippsløyve er sterkt mangelfull:
 - Skildring av anleggets hovudkomponenter og lokalisering av desse samt skildring og lokalisering av utslippspunktet for reinsa avløpsvatn må visast målsett på situasjonsplanen. Vassuttak/drikkvasskilder/brønnar og liknande som finnast i området må også visast.
 - Det er usikkert om resipientens naturlige tilstand vil bli påverka i særleg grad. Det er ikkje sendt inn resultat frå grunnundersøking med skildring av lausmassar som skal ta i mot reinsa avløpsvatn. Det ligg ikkje føre informasjon om hydraulisk kapasitet, infiltrasjonskapasitet, massane sine eigenskapar som reinsemedium og vurdering av risiko for forureining.
 - Det er ikkje levert inn noko prosjekteringsmateriale på anlegget.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.11.2014. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Maria og Erling Rosnes

Furuberget 39

5912

SEIM

Mottakarar:

Byggmester Bjarte Monstad

Lurevegen 850

5912

SEIM